

ULSTEIN KOMMUNE
 Postboks 143
 6067 ULSTEINVIK

Deres ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 08/02272-45	17.04.2023
	Ark.: 326.12 BS	

Oppstart av namnesak 2023/108, Garnes - Gardnes og Garshol - Gardshol i Ulstein kommune

I samband med namnsetting av småbåthamner i Ulstein kommune har Språkrådet tatt opp namnesak for skrivemåten *Garnes* eller *Gardnes* for gardsnummer 20 og neset der garden ligg, jf. brev datert 3.4.2023. På elektronisk Noregskart er skrivemåten for garden og bruka *Garnes*, mens neset har skrivemåten *Gardnes*.

Litt lenger nord ligg gardsnummer 22 *Gar(d)shol*. Gardsnamnet har skrivemåten *Gardshol* på Noregskartet, mens alle avleide namn blir skrivne *Garshol*. Dette namnet blir også tatt inn i saka.

Bruksnamn og naturnamn avleide av *Gar(d)nes* og *Gar(d)shol* blir med i saka, jf. § 8 i forskrift om stadnamn. Kartverket tar også med namnet på øya *Vedøya* eller *Veøya* i same område.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. Målet med namnesaka er å fastsette ein skrivemåte av kvart namn for offentleg bruk.

Saka omfattar følgande namn:

	Namn med skrivemåtevariantar	namneobjekt	gards- og bruksnummer
1	Garnes	gard	gnr. 20
2	Garnes	bruk	bnr. 20/1, 20/3, 20/4 og 20/5
3	Gardnes	nes i sjø	
4	Garneselva	bekk	
5	Garnesstranda	strand i sjø	
6	Garnesvika	vik i sjø	
7	Garnesvatnet	tjørn 4 m.o.h.	
8	Garneshornet	ås	
9	Gardnestua - Garnestua	fjell	
10	Gardnesvatnet - Garnesvatnet	tjørn 416 m.o.h.	
11	Gardshol – Garshol	gard	gnr. 22
12	Garshol	bruk	bnr. 22/1, 22/2, 22/3, 22/4 og 22/5
13	Garsholhaugen	haug	
14	Garsholelva	bekk	
15	Garsholhølen	våg i sjø	
16	Veøya - Vedøya	øy i sjø	

Kommunen har vedtatt adressenamna *Garnesvegen, Garsholråsa, Garsholhaugen og Garsholvegen*. Kommunen er også vedtaksmynde for *Garneskrysset og grendenamnet Garnesgrenda*.

Ein kan søke opp namna i www.norgeskart.no/ssr/. Kartutsnittet på side 4 viser nokre av namna.

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn og nedervde gards- og bruksnamn. Før vi gjer vedtak, har kommunen rett til å uttale seg. Eigjarar og festarar har rett til å uttale seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av lista ovanfor kva for bruk dette gjeld.

Etter lov om stadnamn skal ein ta utgangspunkt i nedervd, lokal uttale av namnet når ein fastset skrivemåten av stadnamn. Vi ber derfor om at dei som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen.

Gnr. 20 Garnes - Gardnes

Uttalen er "*ga:rnæs* med tostavings tonelag etter bygdeboka *Soga om Ulstein og Hareid* band 4 s. 156. Det er i samsvar opplysningar i Norske Gaardnavne (NG) frå 1908 og arkivsetel etter Muri frå 1962.

- *Garnes* er oppslagsform i NG. Tolkinga er usikker, men garden ligg på eit nes som nesten stenger sundet mot Gurskøya. Gnr. 22 ligg ved eit liknande smalt sund mellom Hareidlandet og Dimna, og NG foreslår at førsteleddet kan vere *garðr* i tydinga gjerde.
- Eldre skrivemåtar etter NG er *Gardeness, Gordenes* ca. 1520, *Garnes* 1603, *Gardnes* 1616, *Garnes* 1617, 1666, 1723.
- Matrikkelen har *Gardnæs* i 1838, *Garnes* i 1886 og fram til i dag.
- Offentlege kart: *Garnes* på amtskart 1884 -1952, *Gardnes* på alle trykte Noreg 1:50 000 (1972, 1992, 2009), *Garnes* på økonomisk kart frå 1965.
- Bygdeboka skriv *Garnes* om gardar og bruk. Bnr. 5 er kalla *Grøtneset*, s. 176.

Gnr. 20 Garshol – Gardshol

Uttalen er *garshol* eller helst *garsol* etter bygdeboka s. 202. Norske Gaardnavne har uttalen "*ga:rsø:l*", Muri 1962 fører opp ein *h* i parentes.

- *Garshol* er oppslagsform i NG. Førsteleddet er helst *garðr* som i *Garnes*, her i genitiv. Sisteleddet er norrønt *hóll* m 'isolert høgde, oftast rundaktig,'.
- Eldre skrivemåtar etter NG er *Gordesoel, Gardesoll* ca. 1520, *Gorsull* 1603, *Garsull* 1606, 1666, 1723.
- Matrikkelen har *Gardshol* i 1836, *Garshol* i 1886 og fram til i dag
- Offentlege kart: *Gardshol* på amtskart frå 1884 -1952, *Gardshol* på alle trykte Noreg 1:50 000, *Garshol* på økonomisk kart frå 1965.
- Bygdeboka skriv *Garshol*.

Veøya - Vedøya

Øya har to godkjende skrivemåtar, *Vedøya* og *Veøya*. I dag er skrivemåten *Veøya* prioritert i sentralt stadnamnregister og denne forma visast på Noregskart. Skrivemåten utan *d* er nytta på dei trykte Noreg 1:50 000-karta. Alle andre kart ser ut til å ha skrivemåtar med *d*: *Vedø* på rektangelmåling frå 1866 og amtskart frå 1884-1952, *Vedøya* ØK 1965.

Her er det viktig å få uttaleopplysningar. Om uttalen er med *d*, bør skrivemåten vere med *d*. Namnet viser då helst til skog på øya, jf. norrønt *viðr* 'skog, ved, trevirke'.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i nedverd lokal uttale, skal ein som hovudregel følge gjeldande rettskrivingsprinsipp, jf. stadnamnlova § 4 første ledd. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meiningsinnhaldet i namnet. *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* har meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vere retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. bruksnamn og naturnamn. Alle namna der Kartverket har vedtaksrett blir derfor tatt med i saka. Kommunen må ta omsyn til vedtekne skrivemåtar i si namngiving.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet. Etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren likevel rett til å fastsette ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som følger av § 4 første ledd i lova. Føresetnaden er at eigaren kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren sende krav til Kartverket og legge ved slik dokumentasjon.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Kvar av partane (inkl. kommunen) har to månader på seg til å gje høyringssvar, frå dei mottok brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Lenker: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Med venleg helsing

Bjørge Stavik
fylkeskartsjef

Berit Sandnes
stadnamnansvarleg

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Kopi SPRÅKRÅDET
Peder Arne Almedal, ULSTEIN KOMMUNE

